

## NOTAT

### Oppsummering av seminar om fjernarbeid (Norheimsund, 11.03.2024)

**Prosjektnr.:** 107364 (Fjernarbeid og distriktsutvikling)

**Dato:** 26.06.24

**Forfatter:** Kåre Hansen, Leif Jarle Gressgård

#### - Introduksjon

Frikobling mellom arbeidsstad og verksemdlokasjon gjer at fjernarbeid inneber eit potensial for betre jobbmoglegheit for menneskja som bur i rurale område (inkludert reduserte begrensningar for partnarar (ofte med høg utdanning) å kunna arbeida same stad), moglegheit for foreldre å bu nære utflytta born, og moglegheiter for menneske med funksjonsnedsetjing-/hemningar som kan ha utfordringar med å reise og/eller sosiale førehald (Barrero m.fl., 2023). Av denne orsak er potensialet med fjernarbeid eit tema som er sær s aktuelt for desentrale kommunar, der mange har utfordringar med synkande innbyggjartal og relativt låg andel arbeidstakarar med høg utdanning. Demografiutvalget (NOU, 2020) viser i denne samanheng til at tre fjerdedeler av de minst sentrale kommunane har hatt en nedgang i folketallet de siste 20 åra. Vidare vil tal personar over 80 år nesten dobla seg i distriktskommunane fram til 2040, og det vil være ein tilsvarande nedgang i tal personar i yrkesaktiv alder, noko som vil redusera tilgjengelege ressursar (både skatteinntekter og arbeidskraft).

Dette viser at det er behov for tiltak for å oppretthalda ei berekraftig utvikling for mange distriktskommunar. Mange av desse kommunane har typisk både lågare bustadprisar og nærleik til naturen som bykommunane ikkje kan tilby, ein kombinasjon som vil vera attraktiv for mange arbeidstakarar. For distriktskommunar representerar utviklinga mot større fjernarbeidspotensial ei moglegheit til å tiltrekkja seg arbeidstakarar som er sysselsett i verksemd *utanfor* kommunen ved å leggja til rette for fjernarbeid. Dette er ein tematikk som har fått auka merksemd i fleire (inkludert nordiske) land.

Å nytta dette potensialet krev imidlertid ei systematisk og langvarig tilnerming for tilrettelegging retta både mot arbeidstakarar, arbeidsgjevarar, lokale aktørar og sentrale myndigheiter. Dette var tema for eit seminar som vart gjennomført med 4 distriktskommunar i Hardanger der moglegheitene for etablering av en fjernarbeidarpolitikk vart diskutert.

## - Fjernarbeid og moglegheiter for Hardangerregionen

### o Oppsummering av seminar

#### Før lunsj: Innlegg

- Fabrikkparadigmet og forskning på fjernarbeid (Kåre Hansen, NORCE)
- Erfaringar frå ei fjernarbeidarverksem (Øyvind Stensby, Experis Anyshore)
- Erfaringar fra etablering av kontorinfrastruktur i Sogn (Henrik Skyttermoen, FUS)
- Fjernarbeid i Staten (Alfred Bjørlo, Stortingsrepresentant, Venstre)
- Datastøtta samarbeid med TV-produksjon som eksempel (Frode Guribye, UiB)

#### Etter lunsj: Diskusjon av fjernarbeidspolitik for Hardanger

##### Oppsummering frå kvar kommune

- Eidfjord:
  - o Eidfjord har god infrastruktur – det digitale grunnlaget er på plass.  
97% breibandsutbygging-/dekning
  - o Har utfordringar med bustadmoglegheiter
  - o Kontor/møteplassar:
    - Har 1-2 møterom og 5 kontorplassar. Alle er utleigde.
    - Tilbyr billige leigeavtalar, men erfarer at verksemder nesten ikkje brukar lokala.
      - Kan ein tenkja annleis for å fremja bruk og skapa miljø?
  - o Ser potensialet i fjernarbeid og har alt å tena på å utvikla fjernarbeidspolitik. Men det bør vera ein regional politikk.
    - Handlar om å tiltrekka seg folk utanfrå som tek med kompetanse inn i kommunane/regionen.
      - Viktig å både styrkja eigen evne til å utvikla fjernarbeidarplassar og samarbeidet mellom kommunane i regionen.
    - Utvikla og marknadsføra «reason to move». Ser potensial i at Hardanger kan marknadsføra seg som fjernarbeidarregion.
      - Har fin natur, men Hardanger er ikkje unike i denne sammenheng.
      - Må visa kva Hardanger kan tilby - må være verdt å bu i regionen.
      - Samarbeid om marknadsføring?
        - o Direkte marknadsføring mot verksemder og/eller miljø som kan vera relevante, aktuelle og viktige for Hardanger
      - Noken må ha ansvar for rekruttering for regionen.
        - o Opplever at det ikkje er eit godt (eller fokus på) samarbeid i dag. Tenkjer ikkje region.

- Ullensvang:
  - Meiner at fjernarbeid ville vore positivt for kommunen sin tiltrekning/attraktivitet og innovasjonsmoglegheiter.
    - Møtast på tvers
    - Fjernarbeid vil ha positive ringverknader – viktig perspektiv.
  - Demografisk utvikling i kommunen gjer at det er behov for tiltak og fjernarbeid kan vera eit av dem
    - Har behov for fleire unge, spesielt kvinner. Korleis kan kommunen tilretteleggja for dette?
  - Meiner at Statsforvalteren bør ha kontor i kommunen/regionen.
  - Potensial i å marknadsføra «friluftsliv + urbanitet»
    - Men, tilrettelegging kostar pengar
      - Eks. barnehagar
    - Bustadmangel
  - Kommunen har ressursar/pengar som krevs for ei satsing
  - Kommunen har mykje plass som kan stillast til disposisjon.
    - Har kontor i fleire områder som kan brukast/utviklast, blant anna i rådhuset
  - Ansvar: Bør vera politisk styrt, og teknisk sjef som adm. ansvarleg. Næringssjef/avdeling og andre må involverast.
  - Konkrete tilnærmingar/forslag:
    - Bruka konseptet «leiga til eige» for å redusera risiko for personar som ønskjer å testa ut Ullensvang/Hardanger som bustad.
      - Leiga for ein periode og mogleheit for å kjøpa på sikt.
    - Omregulering - gjera hytter/fritidsbustader om til bustadar.
- Ulvik
  - Satsing på fjernarbeid krev at busted, barnehagar, etc. må på plass.
    - Kommunen har utfordringar med at hus står tomme (arva hus vert feriehus).
  - Kommunen har noken kompetansesarbeidsplasser.
  - Har også noken kontorplassar. Kommunen har allereie i dag ein form for satsing på fjernarbeid. Har ein stilling (under næringsavd.) som er knytt til fjernarbeid.
  - Må verta flinkare til å retta innsats mot statlege arbeidsplassar.
  - Må ha regionfokus og verta flinkare til å jobba saman.
    - Utnytta Hardangerrådet.
  - Moglegheit for å satsa på fjernundervising – eit stort utnytta potensial.

- Kvam
  - Tilflytting krev at 2 ting må vera på plass: Bulyst- og moglegheit for jobb.
  - I likheit med andre kommunar erfarar Kvam utfordringar med bustadmarknaden. Det er stans i budstadbygging, men forventar at dette snart vil snu.
  - Kommunen har fordel med å være nær Bergen
  - Har fokus på å utvikla eit attraktivt sentrum.
  - Har et godt renommé for oppvekst (barn og unge)
  - Har kontorhotell og ser synergieffektar av dette.
    - Kommunen har stilt to kontor til disposisjon for dei som vil bruka dei (eks. ferier). Er meint å vera eit lågterskeltilbod. Har fungert, men krev kontinuerlig marknadsføring/fokus.
  - Har mange fjernarbeidarar, både på kontorhotellet og på Kvamskogen.
  - Men trenger en bevisst fjernarbeidarpolitikk
    - Systematisk marknadsføring
  - Vil ta fjernarbeid inn i næringsplanen, og det vil også vera relevant for andre planer.

#### Diskusjon på regionnivå

- Forankring:
  - Kommunane må ha ein eigen politikk, og så byggja regionsatsing på denne.
    - Forankring av arbeid på toppnivå i kvar kommune, så Hardangerrådet oppå dette.
      - Verta enige om hovudpunkt. Felles overordna strategi er viktig.
    - Forutsetningar/betingelsar er på lokalt nivå, eks. bustad/ bustadmoglegheiter
  - Bør ikkje laga ein ny «næringshage» for fjernarbeid. Næringshagene vil vera ein ressurs.
  - Må selga det saman (Hardanger som merkevare) for å nå ut.
  - Utnytta rekrutteringsprosjektet
    - Prosjektet er også relatert til bulyst/bustad
    - Utdanning
    - Byggjer nå en «rigg».
  - Team Hardanger – næringsapparat i kommunane.
- Målgrupper: Tilpasing av marknadsføring/innsats ut frå kven ein vil nå. Det er forskjell mellom dei som har vakse opp i kommunen og andre tilflyttarar.
  - Eigne utflyttarar: eigen marknadsføring
  - «Shoppingar»: felles marknadsføring (breiare presentasjon, regionfokus)
  - Må ha ein overordna strategi/plan bak marknadsføringa, som er uavhengig av målgruppa

- Tiltaksområde/moglegheiter: Felles kontorinfrastruktur (ala FUS)
  - o Moglegheit for booking?
    - FUS har felles booking. Opplever at dette er ein måte å få ein felles infrastruktur som grunnlag for samarbeid (få til samskaping og felles fokus)
- Kunnskapsgrunnlag for politikk- og tiltaksutvikling
  - o Må koma i gang, og evt. justera eller avslutta basert på erfaringar
  - o Viktig med fagleg kunnskapsgrunnlag – kunnskapsbasert politikk er viktig.
    - Eks. smultringeffekt og fabrikkparadigme
- Positiv respons på moglegheit for møte med fylkeskommunen.

Råd fra Øyvind: Det er viktig å

- starta smått
- laga business case
- komma raskt i gang.

### o **Eksempler på målgrupper og tiltaksområde**

Basert på diskusjonar i seminaret og med enkeltkommunar kan eksempel på aktuelle målgrupper og tiltaksområder i ein fjernarbeidarpolitikk vera fylgjande:

#### ***Målgrupper***

- Personar med høg utdanning
- Grupper med moglegheit for fjernarbeid
- Personar med interesse for friluftsliv
- Yngre, gjerne med barn i førskulealder
- Personar med tilknytning til kommunen (utflyttarar e.l.)
- Samfunnsengasjerte / miljøbevisste personar
- Internasjonal målgruppe

#### ***Tiltaksområder***

##### ***Marknadsføring/profilering og strategisk påverknad***

- Visa fram mangfaldet i og det unike ved kommunane, inkludert lokalt næringsliv og dugnadsånd
  - o Framheva naturen og friluftsmoglegheitene
  - o Målretta marknadsføring. Fortelja dei gode historiane og knyta dei til marknadsføringsstrategien.
- Politisk arbeid mot sentrale myndigheiter for at statlege arbeidsplassar i større grad vert lyst ut med moglegheit for fjernarbeid.

##### ***Rådgeving, oppfylgjing og tilrettelegging av studentar med lokal tilknytning***

- Meir målretta oppfylgjing og rådgeving av skuleelevar og studentar

- Tiltak for å behalda utflytta studentar si tilknyting til kommunane, eksempelvis tilbod om å skriva bachelor-/masteroppgåve i lokale bedrifter.
- Betre koblingar mellom bedrifter i kommunane og utdanningsinstitusjonar.
- Etablere lokale for dei som ønskjer å gjennomføra fjernstudier. Kan gjerne samlokaliseras med kontorfellesskap for fjernarbeidarar.

#### *Lokal utvikling*

- Tettare samarbeid mellom næringsliv og organisasjonsliv
- Styrkja kobling mellom tilflyttarar og lokale/eksisterande innbyggjarar
- Styrkja eit levande fellesskap i sentrum

#### *Tilretteleggjing for kompetanseutvikling*

- Etablere mentorordning for kompetanseutvikling
- Etablere fleire og betre felles møteplassar for sosial og fagleg stimulans.
- Utvikla og gjennomføra kurs i ulike typar av fjernarbeidsteknologi

#### *Tilretteleggjing for innflyttarar*

- Sikra god tilgang på bustader. Utnytta ledige småbruk.
- Utvikla gode bumiljø med vekt på skule, barnehage og nærheit til fritidsaktivitetar.
- Utvikla nye kontorløysingar, gjerne som eit samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Utnytta eksisterande lokaler. Tilfredsstill krav hjå arbeidsgjevarar (eks. knytt til sikkerheit og kommunikasjons- og samhandlingsmoglegheiter.)

#### *Regionalt samarbeid – både mellom Hardangerkommunane og med andre kommunar/aktørar*

- Etablering av arenaer for samarbeid og kunnskapsdeling mellom ulike aktørar i kommunane.
- Felles bu- og arbeidsmarknad mellom Hardangerkommunane. Regionperspektiv på nærings- og kompetanseutvikling.